

Høyring i samband med endra vedtekter for SFO ved Mo skule. Innspel frå foreldregruppa 1-2 klasse.

§4 Opptakskriterier.

I forhold til opptakskriterier har foreldregruppa fylgjande innspel:

Kva slags kriterier er det som seier om det er fullt på SFO dersom ein ynskjer å søka plass midt i året. Er det antal born, bemanning eller budsjettet? Dette kan hjelpe for at det t.d. skal kunne vera litt forutsigbart om ein kan få plass dersom ein av ulike årsakar skulle få behov for det i løpet av året.

§4 Opptakskriterier.

a) SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4.klasse. Elevar i 5.-7.klasse med særskilde behov kan òg ha rett til plass i SFO.

b) Elevar i 1.-4.klasse får tilbod om gratis SFO-plass i skuletida dei dagane dei er tidleg ferdig med undervisning.

c) Søknad om plass foregår slik:

- Foreldre/føresette søker på fastsett skjema som ligg på Modalen kommune si heimeside.*
- Søknaden vert sendt til Mo skule*
- Leiar for SFO set opp oversyn over søkjarane og lager innstilling.*
- Rektor gjer opptaket. Dette bør vera gjennomført innan 1.mai.*
- Hovudopptaket vert gjort for perioden som føl skuleåret.*
- Dersom det er ledige plassar kan søkjarar verta teke opp i løpet av skuleåret.*
- Det skal gjevast skriftleg melding innan 3 veker om ein tek imot plassen. Dersom skulen ikkje får melding innan fristen, kan ein mista plassen.*

§ 7 Foreldrebetaling.

I forhold til foreldrebetaling saknas ein gradert betalingsordning. For nokon kan det vera ynskjeleg å nytta SFO tilbod i færre timar enn i det ordinære tilbodet. Kan det vera aktuelt med et tilbod i frå 40-100 % og ha ein gradert betaling deretter?

§ 7 Foreldrebetaling.

- a) Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.*
- b) Kommunen ved kommunekasserar står for innkrevjinga.*
- c) Ein betaler for 10 ½ månad (juli og fyrste halvdel av august er betalingsfri). Dersom ein nyttar SFO i denne tida betaler ein etter punkt e).*
- d) Søskenmoderasjon vert gjeve med 20% frå born nr to.*
- e) Når ein nyttar SFO i skulen sine feriar, vert betalinga rekna pr time etter påmelding.*
- f) Ved ledige plassar kan ein gje barn dagopphald ved spesielle høve. Betalinga vert rekna pr time opphaldet varer.*

§9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid.

I forhold til opphaldstid og årleg opningstid er det fylgjande innspel:

Dersom ein ikkje har arbeid her i Modalen er det vanskeleg å kunne pendle med opningstida SFO har i dag. I fjor fekk brukarane muligheit til å nytta barnehagen i frå kl 07.00 der borna kunne ta skulebussen ned til skulen kl 08.15. Er dette tilbodet vidareført og kan det evt stå i vedtektene? Kan det stå noko i vedtektene at opningstida i SFO skal kunne endrast etter brukaranes behov ut i frå t.d. gjevne kartleggingar?

§9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid.

- a) Dagleg opningstid kl 07.30-16.30 den tida barnet ikkje er på skulen.*
- b) SFO gjer tilbod som fylgjer skuleåret. SFO har stengt på 5 av skulen sine planleggingsdagar slik det går fram av den årlege skuleruta. SFO er òg stengt på julafta og*

nyttårsafta.

c) Borna skal ha ferie 4 veker kvart år. Minst 3 av desse skal takast samanhengande i samband med sommarferien.

d) SFO held feriestengt i veke 29.

Anna: Leksehjelp

Det er sakna noko i vedtektene ang leksehjelp. Det er vedtatt at alle elevar i grunnskulen skal ha tilbod om leksehjelp og når det på Mo skule er lagt opp til at dette skal skje i SFO tid så passar det at det står i vedtektene til SFO. Oppfatninga av leksehjelp i SFO er at det er vanskeleg å gjennomføre i SFO tid då borna heller vil leika. Me saknar eit meir organisert tilbod slik at dette lar seg gjennomføra. Tilbakemelding frå SFO er at dei har for lite ressursar til at dei kan fylja opp alle på den måten det er lagt opp i dag.